



KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: **1. desember 2014**

Stad: Meland kommunehus – møterom 1

Kl.: 08.30 – 09.30

Tilstades: Marie Morken (leiar), Øystein Blom (nestleiar), Beate Eknes, Asbjørn Larsen og Helge Nygård – vara for Vikebø

Innkalla: Ordførar deltok i møte

Revisjon:

Sekretær: Sekretariatsleiar Bent Gunnar Næss

Forfall: Jarle Vikebø – vara var kalla inn

28/14 Godkjenning av innkalling og saksliste**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

29/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte 25.09.14 vart godkjent.

30/14 Skriv og meldingar

- Statsbudsjettet 2015 – kommuneopplegget – notat frå Fylkesmann

Samrøystes vedtak:

Skriv og meldingar vart tekne til orientering.

31/14 Oppfølging av sak 25/14 – Meland kommune sin oppfølging av henvending frå Lilleskare

Sakstilfang:

- Brev frå ordførar 10.10.14 – med vedlagt brev frå Lilleskare 06.10.14
- Notat 31.10.14 frå sektorsjef – leiar plan, utbygging og kommunalteknikk med vedlegg
- Brev frå Lilleskare 09.09.14 til kontrollutvalet med vedlegg
- Brev frå Lilleskare 20.11.14 til kontrollutvalet med vedlegg (kontrollutvalet fikk det ettersendt på epost)

Leiar i kontrollutvalet hadde ein gjennomgang av saka.

Leiar har vore i kontakt med Fylkesmann for å få avklart kva som var grunnlaget for purringane.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 25/14 og til purringar frå Fylkesmannen i brev av 12.12.2013 og 26.02.2014 og til Forvaltningslova §11a. Kontrollutvalet viser vidare til brev frå Meland kommune 12.03.2014 og 03.06.2014 og til brev frå Askøy kommune av 10.04.2014 der det mellom anna heiter: «Oppfølging av de øvrige tiltak som er etablert i forlengelse av sørfasaden på bolighuset vurderes av Askøy kommune til å falle utenfor den myndighet som Askøy kommune er tildelt av Meland kommune.»

Kontrollutvalet bed Meland kommune vurdera saka etter plan- og bygningslova kapittel 32.

32/14 Revisjon av kommunerekneskapen 2014

Sekretariatet hadde motteke eit skriv frå revisjonen som vart delt ut i møte. Der er det gjort greie for rekneskapsrevisjon så langt, planane for årsoppgjeret og fokusområde.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok notatet til orientering.

33/14 Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet i forhold til Meland kommune, regnskapsåret 2014

Sakstilfang: Brev frå revisjonen 27.10.14

I følgje § 15 i forskrift om revisjon skal revisjonen kvart år legge fram ein eigenvurdering av uavhengighet til kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknad til revisors uavhengighet.

34/14 Selskapskontroll

Heimelen for selskapskontroll føl av kommuneloven (koml.) § 77 nr. 5, som fastsetter at kontrollutvalet skal ”påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m.”, jf. tilsvarande formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

I Note 5 i rekneskapen for Meland kommune der lista opp i kva selskap som kommunen har aksjar i. I tillegg kjem interkommunale selskap som NGIR, Nordhordland Revisjon og Nordhordland Utviklingsselskap.

I Note 5 går det fram at det er 2 selskap som Meland kommune har vesentlege eigarandelar i. Det er følgjande selskap:

Selskapet sitt namn	Eigarandel i selskapet
Meland Utbyggingsselskap AS	100 %
MAKS Meland Arbeids- og Kompetanse senter AS	54 %

Kontrollutvalet hadde ein gjennomgang av oversikten over selskap. Kontrollutvalet ser det som viktig å prioritere selskap der kommunen har høg eigarandel og som er viktig for kommunen sin tenesteproduksjon.

Selskapskontrollen vil også fokusere på kva rutinar kommunen har for å følgje opp sine eigarinteresser, slik at den vil gå noko vidare enn berre å fokusere på det spesifikke selskapet. Aktiviteteten i Meland Utbyggingssselskap er relativt liten, men i MAKS er aktiviteteten stor og den har vokst mykje dei siste åra. Selskapet er også viktig for kommunen for å ha eit fullverdig tenestetilbod.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i MAKS Meland Arbeids- og Kompetanse senter AS der kommunen har eigarandel på 54 %.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret prioriterer å få gjennomført selskapskontroll i MAKS Meland Arbeids- og Kompetanse senter AS der kommunen har eigarandel på 54 %.

35/14 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknad.


36/14 Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Neste møte i kontrollutvalet 28.01.15 kl 13.30.

Frekhaug, 1. desember 2014


Marie Morken/leiar


Bent Gunnar Næss/sekretær